



DET KONGELEGE
MODERNISERINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 16

(2005–2006)

Endringer på statsbudsjettet 2005 under Moderniseringsdepartementet

*Tilråding frå Moderniseringsdepartementet av 25. november 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Moderniseringsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvinga under desse utgiftskapitla: Kap. 1522 Statens forvaltningsteneste, kap. 1544 Bustadlån til statstilsette, kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet og kap. 2470 Statens Pensjonskasse.

Det vert òg gjort framlegg om endringar i løyvinga under desse inntektskapitla: Kap. 4522 Statens forvaltningsteneste, kap. 4546 Yrkesskadeforsikring, kap. 4547 Gruppelivsforsikring og kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu.

I tillegg gjer ein framlegg om å føye til stikkordet "kan overførast" under kap. 1500 Moderniseringsdepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter.

2 Nærmare om forslaga

Programkategori 01.00 Administrasjon mv.

Kap. 1500 Moderniseringsdepartementet

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Tilføyning av stikkordet "kan overførast"

Løyvinga under denne posten vert bl.a. nytta til utgreiingar og oppdrag som Moderniseringsdepartementet sjølv ikkje har kompetanse og/eller

kapasitet til å utføre. Vidare vert posten nytta til ei rekkje prosjekt, tilretteleggingar av nye ordningar og tiltak innan fornying av offentleg sektor, dokumentasjon og kritiske analysar, brukarundersøkingar, forskning og utvikling mv. For 2005 er det òg sett av midlar under denne posten til eit prosjekt for sikring av regjeringsbygningar og områda rundt regjeringskvartalet. Prosjektet vil medføre ei rekkje innkjøp og er venta å vare 2-3 år.

Det vert gjort framlegg om at posten får stikkordet «kan overførast».

Programkategori 01.20 Fellestenester

Kap. 1522 Statens forvaltningsteneste

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Produksjonen av Norsk lysingsblad er lagd om og frå 01.07.2005 vert Norsk lysingsblad og Innkjøpsbilaget berre produsert elektronisk. Denne løyvinga fører til at kostnadene på post 21 vert reduserte med 9,424 mill. kroner i 2005.

Det vert gjort framlegg om å redusere løyvinga med 9,424 mill. kroner til 32,162 mill. kroner i 2005.

Kap. 4522 Statens forvaltningsteneste

Post 04 Inntekter – Norsk lysingsblad

Omlegginga av produksjonen av Norsk lysingsblad til elektronisk form, fører til at abonnementsinntektene vert reduserte med 8,369 mill. kroner.

Det vert gjort framlegg om å redusere løyvinga med 8,369 mill. kroner til 7,7 mill. kroner i 2005.

Programkategori 01.40 Pensjonar m.m.

Kap. 1544 Bustadlån til statstilsette

Post 90 Lån

I samband med behandlinga av St.prp. nr. 65 (2004-2005) vart det lagt til grunn utbetaling av 100 nye lån pr. veke, medan tal til no i år viser gjennomsnittleg 70 nye lån pr. veke. Ein ventar likevel ein viss auke i låneetterspørselen i 4. kvartal 2005. Basert på erfaringstal er det venta at færre lån vert innfridde i år enn ein tidlegare har gjort rekning med. Samla fører dette til ein reduksjon av løyvingsoverslaget på kapitlet.

Det vert gjort framlegg om at løyvinga vert redusert med 400,0 mill. kroner til 100,0 mill. kroner.

Kap. 4546 Yrkesskedeforsikring

Post 01 Premieinntekter

Oppdaterte overslag over premieinntektene inneber ein reduksjon med 4,0 mill. kroner i forhold til revidert nasjonalbudsjett 2005, jf. St.prp. nr. 65(2004-2005) Tilleggsløyvingar og omprioriteringar i statsbudsjettet medrekna folketrygda. Nedjusteringa av overslaget er gjord på grunnlag av netto kreditering av kundar i samband med avrekningar for 2004, og eit oppdatert fakturagrunnlag for 2005 knytt til tal årsverk og risikoklassar.

Ein gjer framlegg om at løyvinga vert redusert med 4,0 mill. kroner til 172,0 mill. kroner.

Kap. 4547 Gruppelivsforsikring

Post 01 Premieinntekter

Oppdaterte overslag over premieinntektene inneber ein auke med 3,0 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving. Overslaget er auka på grunnlag av fakturering av kundar i samband med avrekningar for 2004 og eit høgare fakturagrunnlag for 2005 knytt til ein auke i talet på årsverk.

Det vert gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 4547 post 01 med 3,0 mill. kroner til 43,0 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens Pensjonskasse

Post 24 Driftsresultat

Det vert gjort framlegg om å redusere driftsresultatet under kap. 2470 post 24, med 0,534 mill. kroner som følgje av auka avskrivningar. Auken i avskrivningar for SPKs forretningsverksemd medfører ein tilsvarende auke på inntektssida i statsbudsjettet,

kap. 5491 Avskrivning på statens kapital i statens forretningsdrift, post 30 Avskrivningar.

Det vert gjort framlegg om at kap. 2470 post 24, vert auka med 0,534 mill. kroner i 2005.

Programkategori 01.60 Statsbygg

Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet

Post 30 Investeringar på Fornebu, kan overførast

Løyvinga på posten knytt til infrastrukturarbeidet, vart redusert med 47 mill. kroner til 33,9 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett 2005, jf. St.prp. nr. 65 (2004-2005). Det har i ettertid oppstått eit behov for opprydding av landområda på marinaene. Dette er ein kostnad det ikkje er teke omsyn til i budsjettet for 2005.

Oppryddinga av landområda på marinaene må tilpassast drifta. Drifta av marinaene omfattar blant anna båtopptak/utlegging og er venta avslutta før oktober 2006. I tillegg må det gjerast restutgraving av forureina masse inntil eit fyrhus i Dumpa-området (tidlegare verkstadsområde for flyselskapa på Fornebu).

På denne bakgrunnen vert det gjort framlegg om at løyvinga under kap. 1582 post 30 vert auka med 10 mill. kroner, frå 33,9 mill. kroner til 43,9 mill. kroner.

Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu

Post 01 Leigeinntekter, Fornebu

Medan ein ventar på slutføring av sal, er ein del leigeforhold forlengde. Dette gjeld utleige til Fornebu Marina og Mar-Tek fram til eigedomane vart overdregne til ny eigar 1. september. I tillegg gjeld det utleige av nokre tomteareal utanfor salsområdet fram til mai/juni 2006. Det vert difor gjort framlegg om ei løyving på kap. 5446 post 01 på 1,0 mill. kroner.

Post 40 – Salsinntekter, Fornebu

Dei budsjetterte inntektene ved sal av Hunsund, posthuset i Martin Linges veg og marinaområdet er baserte på takstar frå 2004. Dei avtalte salssummane er 104,6 mill. kroner høgare enn budsjettert.

På denne bakgrunnen vert det gjort framlegg om å auke løyvinga på kap. 5446 post 40 med 104,6 mill. kroner, frå 233,9 mill. kroner til 338,5 mill. kroner.

Sal av Vestbanetomta

Det er i St.prp. nr. 1 (2004-2005) budsjettert med inntekter på 600 mill. kroner på kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse i samband med sal av Vestbanetomta, jf. omtale i Gul bok under punkt

3.19 Ymse utgifter og inntekter. I St.prp. nr. 1 (2005-2006) er det likevel gjort greie for at hovud delen av tomta vil verte seld først i 2006, medan det framleis er venta at kulturdelen av tomta, felt D, vert seld i 2005. På grunn av at planarbeidet i Oslo kommune har teke lengre tid enn ein tidlegare gjekk ut frå, er det no klårt at heller ikkje kultur delen vil verte seld i 2005. Samla sett medfører dette reduserte inntekter på kap. 5309, post 29 med 600 mill. kroner. Regjeringa vil komme tilbake til dette

i proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2005.

Moderniseringsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet 2005 under Moderniseringsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar på statsbudsjettet 2005 under Moderniseringsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer på statsbudsjettet 2005 under Moderniseringsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2005 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1522		Statens forvaltningsteneste	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 41 586 000 til kr 32 162 000	9 424 000
1544		Bustadlån til statstilsette	
	90	Lån, blir redusert med..... frå 500 000 000 til kr 100 000 000	400 000 000
1582		Utvikling av Fornebuområdet	
	30	Investeringar, Fornebu, blir auka med frå 33 914 000 til kr 43 914 000	10 000 000
2470		Statens pensjonskasse	
	24	Driftsresultat	
		1 Driftsinntekter	- 317 699 000
		2 Driftsutgifter	252 602 000
		3 Avskrivningar.....	16 554 000
		4 Renter av statens kapital.....	1 127 000
		5 Til investeringsformål	16 000 000
		6 Til reguleringsfond	- 15 298 000
			- 46 714 000
4522		Statens forvaltningsteneste	
	04	Inntekter, Norsk lysingsblad, blir redusert med frå kr 16 069 000 til kr 7 700 000	8 369 000
4546		Yrkesskadeforsikring	
	01	Premieinntekter, blir redusert med frå kr 176 000 000 til kr 172 000 000	4 000 000
4547		Gruppelivsforsikring	
	01	Premieinntekter, blir auka med..... frå kr 40 000 000 til kr 43 000 000	3 000 000
5446		Sal av eigedom, Fornebu	
	01	Leieinntekter, Fornebu, vert løyvd med	1 000 000
	40	Salsinntekter, Fornebu, blir auka med..... frå kr 233 920 000 til kr 338 520 000	104 600 000

II

Stortinget samtykkar i at stikkordet "kan overføres" føyast til løyvinga under kap. 1500 Moderniseringsdepartementet, post 21 Spesielle driftsutgifter, i statsbudsjettet for 2005.